



«MottakerNavn»  
«Adresse»  
«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Vår ref  
2023/397-37


Deres ref  
«Ref»

Saksbehandler  
Ingunn Moen Helland  
909 90 488  
ingunn.moen.helland@vaga.kommune.no

Dato  
10.10.2023

## Varsel om arkeologiske registreringar i samband med områderegulering for Vågåmo

Vågå kommune viser til tidlegare utsendt varsel om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram for områdereguleringsplan for Vågåmo. Planarbeidet er utløyst av behovet for nødvendig planavklaring for gjennomføring av flomsikringstiltak.



Figur 1: Planområdet er markert med svart stipla linje.

Innlandet fylkeskommune som kulturminnemyndigheit har i samband med oppstart av planarbeidet vore på ei førebels synfaring innafor planområdet. Plangrensa er vist i kart over. Fylkeskommunen

**Postadresse:**  
Edvard Storms veg 2  
2680 Vågå

**Besøksadresse:**  
Edvard Storms veg 2, 2680  
Vågå

**Org.nr:** 939 607 706  
**Heimeside:**  
[www.vaga.kommune.no](http://www.vaga.kommune.no)  
**E-post:**  
[postmottak@vaga.kommune.no](mailto:postmottak@vaga.kommune.no)

**Telefon:** 61 29 36 00  
**Bankkonto:**  
2085 07 70000

har i sin uttale til kommunen gjeve attendemelding om område som må undersøkast for automatiske kulturminne, jf. kulturminnelova § 9.

Fylkeskommune skriv følgjande i sitt brev til kommunen om varsel om registrering – sjakting og overflateregistrering:

*"I henhold til våre arkivopplysninger, er planområdet delvis registrert tidligere i forbindelse med tidligere reguleringsplaner i samme område. Det er kjent flere automatisk fredete kulturminner innenfor og like utenfor planområdet. Planområdet omfatter en god del dyrka mark øst og sørvest i planområdet. Det vil i utgangspunktet bli sjaktet arkeologisk rundt gårdene Vang, Haug og Moen i sørvest og Sve og Kræmar-Sandbu i øst. I øst vil ikke sjaktingen omfatte hele jordet sørover til Otta. Det samme gjelder for områdene i sørvest. Her vil det bli sjaktet vest, sørvest for Vang, og noe rundt Haug og Moen. Her har det tidligere blitt sjaktet noe i forbindelse med en annen plan. Det er stort sett gårdshistorie, gårdsnavn/opprinnelse og tidligere funn som sier noe om potensialet for øvrige funn i disse områdene. I tillegg er det oppdaget en rekke strukturer ved bruk av LIDAR i både utmark og i beitemark som må kontrolleres. På grunnlag av ovennevnte er det nødvendig å foreta arkeologisk registrering innenfor planområdet for å oppfylle undersøkelsesplikten etter lov om kulturminner. Jamfør § 9 plikter den ansvarlige leder eller forvaltningsorgan ved planleggingen av større offentlige eller private tiltak etter lovens § 8, første ledd, å undersøke om tiltaket vil virke inn på automatisk fredete kulturminner på en måte nevnt i lovens § 3, første ledd. "*

Som eit ledd i planarbeidet som er starta opp, har kommunen ansvar for at det blir utført arkeologiske undersøkingar, jfr. § 9 i Kulturminnelova. Reguleringsplan kan ikkje vedtakast dersom undersøkingsplikta ikkje er oppfylt.

Av omsyn til framdrifta i planarbeidet, og for ikkje å risikere at dette seinkar arbeidet med flomsikringsprosjektet, er det ynskje om å få gjennomført undersøkingar så snart som mogleg og allereie no i løpet av hausten 2023 med oppstart i slutten av oktober, veke 43. Dersom det likevel ikkje let set gjere å få gjennomført undersøkingane i haust, må dette gjennomførast til våren før våronna startar.

Bakgrunnen for at du mottek dette brevet er at Vågå kommune ynskjer å gi informasjon om undersøkingane og at vi treng ditt samtykke til at det kan gjennomførast undersøking for automatiske kulturminne på din eigendom. Det er Innlandet fylkeskommune som kulturminnestyresmakt som gjennomfører registreringsarbeidet.

### **Kva går kulturminneundersøkingane ut på?**

*For dyrka mark:*

Undersøkingar på dyrka mark er i utgangspunktet ei «prøvegraving» ved maskinell flateavdekkingsmetode. Ei gravemaskin fjernar matjordlaget i sjakter på om lag 3,5 - 4 meter breidd, og med variabel lengd og tettheit. Etter at sjaktene er undersøkt, vil matjorda bli lagt på plass att. Eventuelle funn blir avdekka i form av strukturar i undergrunnen. Dei vanlegaste funna ved slike registreringar er kokegroper, stolpehol etter bygningar, eldre dyrkingsspor som rydningsrøyser og av og til overpløyde gravminne. Det kan også avdekkast utmarksrelaterte kulturminne som t.d. jernframstillingsplassar, kolgroper, tjæremiler og fangstgroper.

Følgjande eigedommar (gnr/bnr) er aktuelle for denne type undersøking, dvs. sjakting med gravemaskin: 206/2, 67/2, 66/8, 67/66, 66/37, 67/43, 21/1, 20/1, 17/1, 19/1, 18/1, 15/1 og 18/3

### *For beitemark/innmark:*

Her vil undersøkingar gå føre seg ved overflateregistrering, dvs. visuell undersøking etter faste kulturminne som er synlege på markoverflata.

Følgjande eigedommar (gnr/bnr) er aktuelle for overflateregistrering av beitemark/innmark: 66/1 og 72/1.

Det vil også måtte gjerast overflateregistreringar i utmarksområde innafor plangrensa, og dette kan omfatte areal utover dei eigedommar som er omtalt i dette brevet. For utmark er det ikkje krav om varsel på same måte som for dyrka mark og innmark/beite. Kommunen vil difor på eigna måte kunngjere at slike undersøkingar vil bli gjennomførte.

Eventuelle funn vil bli dokumentert ved oppmåling, innmåling, kort tekstleg omtale og ev. også foto og lagt inn i den nasjonale kulturminnebasen «Askeladden». Dersom det blir påvist strukturar av uvis funksjon og alder, vil det bli vurdert om desse skal undersøkast ved ei mindre prøvegraving og uttak av materiale for 14C-datering. Denne type arkeologisk registrering krev bar og telefri mark.

### **Vi ber om samtykke til undersøkingar**

Vågå kommune ber om at du gir ditt samtykke til at kulturminneundersøkingane kan gjennomførast. Vi ber om at du fyller ut vedlagt skjema og returnerer dette til Vågå kommunen enten med e-post til [postmottak@vaga.kommune.no](mailto:postmottak@vaga.kommune.no), eller pr. post. Du kan også levere skjemaet i servicetorget på kommunehuset.

Kommunen ber om at utfylt skjema er kommunen i hende **innan måndag 23. oktober 2023**.

Kvar enkelt grunneigar vil bli kontakta av Innlandet fylkeskommune før undersøkingane startar.

### **Om reguleringsplanarbeidet som er starta opp**

Forslaget til planprogrammet som har vore på høyring vil i løpet av oktober bli framlagt for kommunestyret for fastsetting. Det blir deretter utarbeidd eit forslag til reguleringsplan som blir sendt på høyring og utlagt til offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova. Du vil da få moglegheit til å uttale deg til planforslaget. Bakgrunnen for at det skal gjennomførast undersøkingar på din eigedom er at arealet ligg innafor planområdet, og at fylkeskommunen har vurdert at det er potensiale for kulturminne eigedommen. Gjennomføring av kulturminneundersøkingar blir gjort uavhengig av kvar det ev. kan vere aktuelt med framtidige flomsikringstiltak.

Meir informasjon om planarbeidet finn du på kommunen si heimeside:

<https://www.vaga.kommune.no/tenester/plan-miljo-klima-bygg-brann-og-teknisk/plan/hoyring-og-kunngjeringar/>

### **Ynskje om informasjon frå grunneigar**

Det er fleire forhold fylkeskommunen ynskjer informasjon om i samband med undersøkingane, som til dømes:

- Er det særlege forhold på eigedommen som bør sjåast på i samband med undersøkingane?
- Har du gjort funn på eigedommen som kan vere av interesse for undersøkingane?

Eventuelle leietakarar eller forpaktarar må også kontaktast om undersøkingane. Dersom dette er aktuelt for din eigedom, ber vi om kontaktinformasjon til desse.

### Har du spørsmål?

Dersom du har spørsmål til undersøkingane, eller har viktig informasjon til dei som skal gjennomføre undersøkingane, t.d. om floghavre eller andre planteskadegjerarar, kan du ta kontakt med:

- arkeolog May-Tove Smiseth, e-post: [maysmi@innlandetfylke.no](mailto:maysmi@innlandetfylke.no), tlf: 951 51 842. Innlandet fylkeskommune, kulturarveininga.

Dersom du i samband med dette brevet har spørsmål til andre forhold som gjeld eigedommen din eller reguleringsplanprosessen som er sett i gang, kan du ta kontakt med Vågå kommune ved:

- landbrukssjef Per-Ivar Weydahl, [per-ivar.weydah@vaga.kommune.no](mailto:per-ivar.weydah@vaga.kommune.no), tlf: 920 41 410
- plan- og miljøvernrådsgjevar Ingunn Moen Helland, [ingunn.moen.helland@vaga.kommune.no](mailto:ingunn.moen.helland@vaga.kommune.no), tlf: 909 90 488

Med helsing

Ingunn Moen Helland  
Plan- og miljøvernrådsgjevar

*Dokumentet er elektronisk og sendes utan signatur.*

*Vedlegg*

1            *Avtaleskjema for samtykke*

*Kopi til:*

INNLANDET FYLKESKOMMUNE

Postboks 4404 Bedriftssenteret

2325

HAMAR